# Kystsoge vekene 2002

## 17. august til 15. september



Emigrantkyrkja – flytta frå Brampton ND, USA. Foto: Roald Straume.

**Kystsogevekene i Hordaland og Gulen er med sine kring 150 kulturtiltak den største kystkulturmønstringa i Noreg.**



Håkonarspela 2000
Foto: Laksevåg kulturkontor.

**Gjennom historiske spel frå Håkon den Gode si tid, til utvandringstida og fiskarbonden sine kår, fram til vår tid blir kystkulturen presentert.**

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur – tradisjon og utvikling...

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

SpareBank 1 Vest

# Velkommen til Kystsogevekene 2002



*Tenkjer vi oss 1000 år attende i tid, sigla og rodde menneske langs dei same strendene som vi er så glade i. Og alle sette dei merke etter seg eller tok til med arbeid som andre igjen fullførde eller førde vidare. Reiskapar, båtar og hus - alt vart forma og tilpassa av menneskehender. Heime tok kvinnene vare på tradisjonane og gav nye slekter innsikt og forståing.*

*Slik voks vår kultur fram - ikkje i enorme sprang, men solid og trygt. Og saman med det som sikra levevilkåra, kom også bruken av ord og fargar. Det er denne arven vi har ansvaret for å føra vidare i dag.*

*Og det gjer vi!*
*Kystsogevekene er i heile si form tusenvis av entusiastar som ikkje berre er stolte av eiga bygd og eigen kulturrikdom, men som også har "sett" den uendelege tråden som knyter menneskeverk saman til eit meisterverk.*

*Meir enn 42 500 menneske fekk oppleve delar av Kystsogevekene i 2001.*
*Til alle som kjem i år, seier vi: Det du ser, er di eiga soge skapt av dine eigne forfedrar og presentert av dine eigne naboar og vener.*

*Vi skal vidare!*
*Vi skal motivere og stimulere. Vi skal lære og overføre lærdom til andre.*
*Det som er skapt i regi av Kystsogevekene på Vestlandet, har ein enorm nasjonal overføringsverdi.*

*Eg takkar - og det er ei takk breddfull av glede.*

*Velkommen!*

Ragnhild Randal

*Ragnhild Randal*
*dagleg leiar*

# Innhald

**Programsider** ........................5-10

**FRAMSYNINGAR PÅ ULIKE STADER UNDER KYSTSOGEVEKENE**

Terje Vigen ....................................4
Reisa til Bergen ...............................4
Gamle broderiskattar ........................4

**SÆRSKILDE ARRANGEMENT:**

Offisiell opning ...............................3
Håkonarspela .................................32
Kulturorientering ............................32
Kanaldagane...................................33
Midthordland i Bergen .....................33

**KOMMUNAR:**

Askøy kommune .............................18
Austevoll .......................................25
Austrheim.......................................11
Bergen ..........................................19
Bømlo ......................................26-27
Fedje ............................................12
Fitjar.............................................28
Fjell ..............................................20
Gulen ...........................................13
Lindås ...........................................14
Masfjorden.....................................15
Meland ..........................................16
Os ................................................21
Osterøy..........................................22
Radøy ...........................................17
Stord.............................................29
Sund.............................................23
Sveio ............................................30
Tysnes ..........................................31
Øygarden ......................................24

**Museum og utstillingar** ......34-35

## Opning av Kystsogevekene 2002 på Sletta, Radøy kommune laurdag 17. august

**Kl. 15.00**

Offisiell opning v/Statsråd Børge Brende
Framsyning av sogespelet
«Amerikafeber» av Johannes Heggland
Regi: Sverre Waage
Musikk: Siren Thorsheim
Kostymer: Jorun Sætre, Randi Remme Straume og Svein Hamre
Produksjon: Vest Norsk Utvandringssenter





**Kl. 17.00**

Valfri kulturvandring med guide til Bogatunet, Tjorehagen, Radøy Kunst Senter og på Utvandringssenteret.

**Kl. 17.00**

Torgkveld i Bøvågen
Underhaldningsinnslag av lokale aktører,
Heimalanné spelar til dans

# Framsyningar og utstillingar som bli viste på ulike stader gjennom Kystsogevekene

(sjå program under kommunane og program, sidene 5-10)

## *"Terje Vigen" av Henrik Ibsen, ved Hordaland Teater*

I det dramatiske diktet "Terje Vigen" viser vår verdskjente diktar Henrik Ibsen for ein stor forteljar han er. Gjennom 43 vers stig ei historie fram som bergtek oss enno i dag.
Ikkje berre lærer vi Terje Vigen å kjenna – men heile tidsepoken han levde i, blir levande for oss.
Regi: Vera Rostin Wexelsen - Skodespelar: Jan Erik Christensen - Musikk: Kristian Børve

## *"Reisa til Bergen" – ein jektetur i 1816, ved Vestlandske Teatersenter*

Jektefarten er ein av dei viktige kulturhistoriske handels- og transportvegane for Vestlandet og Nord-Noreg gjennom fleire hundre år, og eit element som var med og la grunnlaget for ein infrastruktur, handel, migrasjon og busetjing.

Jekta "Haabet" legg ut frå Lofoten på veg til Bergen med varer. Om bord i jekta er skipperen og ein 17 år gamal førstereisgut. Reisa tar 34 dagar og er fylt med mange hendingar. Dramatikk, med både problem og glede oppstår når det viser seg at førstereisguten ikkje er ein gut, men ei forkledd jente som vil til storbyen.

Stykket er basert på eit manus av Walter Bladt, omarbeidd av Vestlandske Teatersenter ved Kristin Saltkjelvik og Steinar Thorsen.
Framføringa er eit samarbeid mellom Vestlandske Teatersenter og Stiftinga Kystsogevekene.

## *"Gamle broderiskattar"* – ei utstilling ved Oddrun Marie E. Dyrdal.

Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal gjesta TV-programmet Antikvitetar og Snurrepipperier med deler av broderisamlinga si, og etter programmet har det vore stor interesse og etterspurnad etter broderia hennar. Ho kan skryta av å ha landets største broderisamling.

Broderia har ho samla opp gjennom åra, og ein del av dei har ho sjølv restaurert frå forfall og bortgang. Ho har samla mykje historie om den gamle broderitradisjonen som har gått i arv i fleire tusen år, og granska levekåra til desse menneska som var så flittige med hendene. I utstillinga er dei fleste tradisjonsrike norske broderia presenterte, med innslag av impulsar som har komme frå utlandet.

Oddrun Marie oppmodar gjerne andre som har gamle broderi om å ta dei med seg, slik at ein kan utveksle kunnskap og historie.

# KYSTSOGEVEKENE 2002

## 17. AUGUST - 15. SEPTEMBER

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Laurdag 17. aug.** | | |
| Sletta/Radøy | Offisiell opning av Kystsogevekene 2002 | 3-17 |
| Sletta/Radøy | Framsyning av sogespelet "Amerikafeber" av Johannes Heggland | 3-17 |
| Bogatunet/Radøy | 19.-23.aug.: Ein "familie" (skuleklasse frå Sæbø skule) vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen på 1800-talet | 17 |
| Bøvågen | Torgkveld osv. | 17 |
| Austrheim | "Det var ein gong" – gamle tradisjonar og levemåtar | 11 |
| Brandasund/Bømlo | Brandasunddag – torghandel, musikk og underhaldning | 26-27 |
| Mosterhamn/Bømlo | Moster Amfi ope for omvising | 26-27 |
| Matre/Masfjorden | Bjørn West-museet. Omvising av veteranar kl. 11-16<br>Trodalsamlinga, ope kl. 13-16 | 15 |
| Sagvåg/Stord | Opning av Karl Erik Harr salsutstilling, grafikk (ope 17/8 – 15/9) | 29 |
| Nedrevåge/Tysnes | Revy "Godt, gøy og gale" | 31 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Bekkjarvik: 10.00-22.00 Tivoli<br>11.00-17.00 Torgdag<br>18.00-21.00 Ytre Suløen | 25 |
| **Søndag 18. aug.** | | |
| Mosterhamn/Bømlo | Moster Amfi ope for omvising | 26-27 |
| Eivindvik/Gulen | Dahl-dagen. Overrekking av minnesmerket over prost Niel Griis Dahl. Overrekking av kyrkjebåt – Gudsteneste | 13 |
| Matre/Masfjorden | Bjørn West-marsjen. Markering av 20-års jubileum | 15 |
| Matre/Masfjorden | Bjørn West-museet. Omvising av veteranar kl. 11-16<br>Trodalsamlinga, ope kl. 13-16 | 15 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Friluftsgudsteneste - Tivoli | 25 |
| Hamre/Osterøy | Omvising i Hamre kyrkje | 22 |
| Valenheimen/Sveio | Konsert med Hanna Marie Weydahl, piano, kl. 1800 | 30 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Fredag 23. aug.** | | |
| Håkonarparken/Fitjar | Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelmen" - skuleframsyning | 28-32 |
| Askøyhallen | Nattåpent. Rusfritt arrangement for ungdom 13-19 år | 18 |
| **Laurdag 24. aug.** | | |
| Langevåg/Bømlo | Frukostservering på kaien i Kåso. Marknad, utstillingar | 26-27 |
| Espevær/Bømlo | Skaldyrbord på Biekaien – Dans i Grendahuset | 26-27 |
| Kræmmerholmen/Fedje | Torgdag, salsboder, aktivitetar og underhaldning. "Terje Vigen" – teaterframsyning v/Hordaland Teater, kl. 1200 "Gamle broderiskattar", utstilling v/Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal. | 4-12 |
| Håkonarparken/Fitjar | Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelmen" – kveldsframsyning | 28-32 |
| Biblioteket/Fitjar | Opning av kunstutstilling | 28 |
| Byrknesøy/Gulen | "Terje Vigen" – teaterframsyning v/Hordaland Teater kl. 1900 | 4-13 |
| Holme/Meland | Kl. 11.00-17.00: Marknad/torg med sal/utstilling. Turar med "Oster". Historisk spel om hendingar frå 1930-1950 åra | 16 |
| Osterøy | Kl. 1200-1600: Omvising i Mjedlasmia, Treskoverkstaden i Hosanger og Bløddalsmia. Opne dører ved Mjøs Metallvarefabrikk og Tysse Mekaniske Verkstad | 22 |
| **Søndag 25. aug.** | | |
| Håkonarparken/Fitjar | Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelmen" | 28-32 |
| Espevær/Bømlo | Espeværdag | 26-27 |
| Lykling/Bømlo | Gruvevandring, v/Sunnhordland Guideteneste | 26-27 |
| Langøy/Fjell | Friluftsgudsteneste på Langøy Kystkultursenter kl. 12.00 | 20 |
| Lurekalven/Lindås | Mellomalderdagen – temadag om vikingtid og mellomalder. Framsyning av utdrag av "Håkonarvarde" | 20 |
| Holmeknappen/Meland | Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kl. 1100 | 16 |
| Holme/Meland | Kl. 1200-1300: Vestbygdmarsjen, start ved Vestbygd skule | 16 |
| Holme/Meland | "Gamle broderiskattar" – utstilling v/Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal | 4-16 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Osterøy | Kl. 1200-1600: Omvising i Mjedlasmia, Treskoverkstaden i Hosanger og Bløddalsmia. Opne dører ved Lonevåg Beslagfabrikk, Skisma Produkter og Hanstvedt Møbelfabrikk | 22 |
| Bogatunet/Radøy | Radøy sogelag skipar til Bogatunstemne | 17 |
| Manger/Radøy | Kl. 1900 i Manger kyrkje – salme- og lyrikkveld | 17 |
| Røykenes/Sveio | "Strandhogg" med aktivitetar for heile familien, kl. 1300 | 30 |
| Valenheimen/Sveio | Konsert i Valenheimen. Fylkesmusikarane i Nord-Rogaland | 30 |
| Ovågen/Øygarden | Kystkulturdag på Kystmuseet i Øygarden. "Bysludd og stril" – høgdepunkt frå 5 år med humoristiske spel Konsert: Fliflet/Hamre | 24 |
| **Måndag 26. aug.** | | |
| Lyngheisentret/Lindås | "Gamle broderiskattar", utstilling v/Oddrun Marie E. Dyrdal | 4-14 |
| Bogatunet/Radøy | 26.-30. august: Ein familie bur på Bogatunet og levandegjer kvardagen på 1800-talet | 17 |
| **Tysdag 27. aug.** | | |
| Biblioteket/Fitjar | "Terje Vigen" – teaterframsyning v/Hordaland Teater | 4-28 |
| Lyngheisentret/Lindås | "Gamle broderiskattar", utstilling v/Oddrun Marie E. Dyrdal | 4-14 |
| **Torsdag 29. aug.** | | |
| Biblioteket/Fitjar | Barneteater | 28 |
| Ovågen/Øygarden | "Gamle broderiskattar" – utstilling på Kystmuseet i Øygarden v/Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal | 4-24 |
| **Laurdag 31. aug.** | | |
| Langøy/Fjell | "Terje Vigen" – teaterframsyning v/Hordaland Teater – kl. 13.00. Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter | 4-20 |
| Misje/Fjell | Kulturminnedagar | 20 |
| Sønstabøvågen/Bømlo | Kulturhistorisk kveld i Sønstabøvågen med mellom anna Hordaland Teater si framsyning av"Terje Vigen". Frå kl. 1700 | 4-26-27 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Osøyro/Os | Bondens dag. Torgdag på Osøyro – Bilfritt sentrum<br>Kl. 1200-1600: Kappsegling for oselvarar | 21 |
| Radøyhallen/Radøy | Dansegalla med det svenske dansebandet "Torleifs" | 17 |
| Sagvåg/Stord | Vervadag på Jensaneset frå kl. 1000 | 29 |
| Stend/Bergen | Husflids- og handverksmesse på Hordamuseet.<br>Sal av husflid, handverk og kunsthandverk,<br>kl. 1200 - 1700 | 34 |
| **Søndag 1. sept.** | | |
| Langøy/Fjell | Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter | 20 |
| Algrøy/Fjell | "Kvelds" på Algrøy Bedehus kl. 1900 | 20 |
| Bedehuset/Fitjar | "Minnest du songen" – songkveld | 28 |
| Takle/Gulen | Vassbruksmiljøet i Takle – open dag | 13 |
| Sagvåg/Stord | Friluftsgudsteneste på Verven kl. 1100 | 29 |
| Skogsvåg/Sund | FestiKval i Skogsvåg frå kl. 1100 | 23 |
| Ryvarden/Sveio | Friluftsgudsteneste ved Ryvarden kulturfyr | 30 |
| Stend/Bergen | Husflids- og handverksmesse på Hordamuseet<br>Sal av husflid, handverk og kunsthandverk,<br>kl. 1200 - 1700 | 34 |
| **Tysdag 3. sept.** | | |
| Bekkjarvik/Austevoll | "Reisa til Bergen"- ein jektetur i 1816, teaterframsyning<br>i Hengjo | 4-25 |
| Biblioteket/Fitjar | "Gamle broderiskattar" –utstilling<br>v/OddrunMarie Eiriksdotter Dyrdal | 4-28 |
| **Onsdag 4. sept.** | | |
| Oselvarnaustet/Os | "Reisa til Bergen" – ein jektetur i 1816, teaterframsyning<br>v/Vestlandske teatersenter | 4-29 |
| **Fredag 6. sept.** | | |
| Kulleseidkanalen/Bømlo | Kanaldagane – Maritim marknad, veteranbåttreff o.a. | 4-26-27 |
| | "Gamle broderiskattar"-utstilling<br>v/Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal | 33 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Røyksundkanalen/Bømlo | Kanaldagane - Maritim loppemarknad, tivoli, sjømatkveld, dans | 26-27-33 |
| Haganes/Fjell | Utstilling av barnekunst på Galleri Haganes (ope 6.-17. september) | 20 |
| Solbjørg/Osterøy | Framsyninga "Attersyn" – utdrag frå lagssoga til Solbjørg ungdomslag | 22 |
| **Laurdag 7. sept.** | | |
| Kulleseidkanalen/Bømlo | Kanaldagane – Maritim marknad, veteranbåttreff o.a. | 4-26-27 |
| | "Gamle broderiskattar"-utstilling v/Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal | 33 |
| Røyksundkanalen/Bømlo | Kanaldagane – Maritim loppemarknad, tivoli, familiefest | 26-27-33 |
| Kjereidet/Fjell | Offisiell opning av Nordsjøløypa, Fjell | 20 |
| Osøyro/Os | Kl. 1100-1400: Fiskekonkurranse frå robåt med dorg og harpesnøre<br>Kl. 1100: Oselvarmønstring, oselvarar samlast i elveosen<br>Kl. 1300-1700: Kapproing med oselvarar | 21 |
| Buavåg/Sveio | "Terje Vigen" - teaterframsyning v/Hordaland Teater, kl. 2000 | 4-23 |
| **Søndag 8. sept.** | | |
| Kulleseidkanalen/Bømlo | Kanaldagane – Maritim marknad, veteranbåttreff o.a.<br>Kl. 1200: Båtkonvoy til Moster<br>Gudsteneste på "gamle måten" | 26-27-33 |
| Røyksundkanalen | Kanaldagane – Maritim loppemarknad, familiebuffe<br>Kl. 1300: Båtkonvoy til Moster | 26-27-33 |
| MosterAmfi/Bømlo | Avslutningsarrangement med variert kulturprogram frå alle Sunnhordlandskommunane<br>Vinnaren av Kulturorienteringa vert kåra. | 26-27-33 |
| Shoddyen/Askøy | Kulturminnedagen "Da klokka klang" – skolen, bygningen, kunnskapen | 18 |
| Sellevåg/Gulen | Sellevåg Treskofabrikk – open dag kl. 13-16.30 | 13 |
| Furenes/Gulen | Rekebord i samband med open dag i fabrikken, kl. 14-17 | 13 |
| Lygra/Lindås | Strilefiskfestival ved Lyngheisentret. Foredrag, demonstrasjonar etc. | 14 |
| Tjorehagen/Radøy | Haustdag i Tjorehagen – hagevandring etc. | 17 |
| Telavåg/Sund | Historisk vandring i Telavåg kl. 12.30 | 23 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Buavåg/Sveio | Familiedag i Buavåg, aktivitetar og underhaldning, kl. 1200 | 30 |
| | Tur til gravrøys på Kvitaneset, kl. 1100 | 30 |
| **Torsdag 12. sept.** | | |
| Lonevåg/Osterøy | "Terje Vigen" – teaterframsyning v/Hordaland Teater kl. 1900 på Osterøy Folkeboksamling | 4-22 |
| **Fredag 13. sept.** | | |
| Årbakka/Tysnes | Aktivitetshelg på Årbakka. M.a. "Terje Vigen" – teaterframsyning V/Hordaland Teater | 4-31 |
| **Laurdag 14. sept.** | | |
| Håkonsvern/Bergen | Opning av kulturveka i Laksevåg. Framsyning av Håkonarspelet "Håkon Adalsteinfostre" – kveldsforestilling | 19-32 |
| Mjømna/Gulen | "Havets delikatesser" – sjømatfest på Mjømna bygdehus kl. 20.30. Dans | 13 |
| Årbakka/Tysnes | Trivselsdag med ulike aktivitetar | 31 |
| Bergen | Midthordland i Bergen. Regionen Midthordland gir smakebitar av ein enorm kulturskatt: toradergrupper-trekkspelgrupper-folkedanslag-musikklag-sangkor-teatergrupper m.m.m. Landbruksavdelingane i Hordaland og Sogn og Fjordane avsluttar arrangementet sitt "Bønder i by`dn-mattradisjonar". Bergen sentrum skal bli ekstra opplevelsesrik og triveleg. | 33 |
| **Søndag 15. sept.** | | |
| Nyborg/Gulen | Antikvitetsmesse på Nyborg Skytebane | 13 |
| Grieghallen/Bergen | Midthordland i Bergen. Stor festframstilling i Grieghallen kl. 18.00. Frå programmet: storband-megakor-barnekor-riverdans-kvad-jenterock m.m.m. Sjå annonser. | 33 |
| **Onsdag 18. sept.** | | |
| Laksevåg/Bergen | "Reisa til Bergen" – ein jektetur i 1816, teaterframsyning i Haugatun v/Vestlandske teatersenter – kl. 10.00 og 1200. | 4-19 |
| **Onsdag 21. sept.** | | |
| Haakonsvern/Bergen | Stort ungdomsarrangement på Haakonsvern sivilt /militært kultur samarbeid | 19 |

# Austrheim

NORDHORDLAND

*Austrheim kommune – folketal om lag 2.600 – ligg nordvest i Hordaland. Karakteristisk for området er kulturlandskapet med lyngheiane, som i vikingtid prega kysten av Europa frå Noreg til Portugal. På ein tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor etter utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid. Her er buplassar frå steinalder, tufter frå vikingtid og mellomalder, steingardar og sjøhus frå førre århundre og oljealderen sine høgtekniske installasjonar. Noregs vestlegaste fastlandspunkt, Vardetangen, ligg i Austrheim.*



*Fonnes – klinking. Foto: Helge Dyrkolbotn*



*Fonnes – motor. Foto: Helge Dyrkolbotn*

Lokalbefolkninga på Fonnes er opptatt av å ta vare på tradisjonar, dette kan du sjå og oppleva ved å besøkja oss på Fonneskaien i samband med Kystsogevekene. Der arrangerer me "Det var ein gong", der kanskje gamle "OSTER" kjem innom, "gamlebussen" er tilbake på sin gamle endehaldeplass.
Du kan oppleva garnbøting, spleising av tau, klinking av trebåt, sjå utstilling av gamle fiske- og jordbruksreiskapar, smaka på heimelaga lefser, rømmegraut og fiskesuppe og nye overraskingar denne dagen.
Har du teke vare på bestefar si gamle vadmelsbukse og bestemor si flotte trøye, så ta det på deg den dagen og kom innom Fonneskaien. Kanskje kan det verta ein "tradisjonspremie" på den best kledde?

**Nærare informasjon hos:**
Austrheim kommune, kulturavdelinga, tlf. 56 16 20 00
Internett heimesider: www.austrheim.kommune.no

**PROGRAM:**

**Laurdag 17. august**

**Kl. 12.00 - 16.00:**
"Det var ein gong"
Vi friskar opp att gamle tradisjonar knytt til liv og levemåte i ei kystbygd.

# Fedje

NORDHORDLAND

*Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Folketalet er kring 700. Fedje er ikkje som den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her, men oppievingar for dei som kjem hit. Så – uventa og velkome – tørkar sola skyene bort. Vinden tagnar, og så ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet. Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg.*

## Kræmmerholmen

Kræmmerholmen handels- og gjestgjevarstad frå det 17. hundreåret er ein av dei gamle priviligerte handelsstadene som pengesterke kjøpmenn i Bergen etablerte og dreiv. I 1842 vart ei ny handelslov innført. Denne gjorde slutt på dei gamle privilegia, og handelen på Kræmmerholmen tok slutt i 1880-åra. No er Kræmmerholmen restaurert og rehabilitert etter antikvariske retningslinjer, og framstår både som ein historisk og moderne gjestgjevarstad.

## Hellisøy fyr

Hellisøy fyr ruvar mot horisonten, eit velkjent landemerke, der det ligg på ei lita øy i sørvest mot Fedjeosen og storhavet. Hellisøy fyr vart tent i oktober 1855. Under kulturminnestafetten i 1997 vart



*Hellisøy fyr.*

Hellisøy fyr – som det mest karakteristiske symbolet for Fedje – utpeika til Fedje kommune sitt kulturminne.

**Nærare opplysingar hos:**
Turistinformasjonen på Fedje, tlf. 56164320
eller Nordhordland Reiselivslag, tlf. 56351601
Internett heimeside: www.fedje.org/reiseliv/

## PROGRAM:

### Laurdag 24. august:

**Kræmmerholmen kl. 12.00:**
Teaterframsyning "TERJE VIGEN" i samarbeid med Kystsogevekene og Hordaland Teater.
Sjå omtale side ......

"Gamle broderiskattar"/ustilling ved Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal.

Torgdag, salsboder, aktivitetar og underhaldning.

### Medio juni og august:

Fyrsafari til Hellesøy fyr søndagar **kl. 12.00 - 15.00.**
Kontakt turistinformasjonen vedk. fyrsafari.

### Havstad Tinn:

Opent turistkontor og verkstad utsal:

| | | |
|---|---|---|
| Månd-fred. | Kl. | 09.00 - 16.00 |
| Laurdag | " | 10.00 - 15.00 |
| Søndag | " | 12.00 - 15.00 |

# Gulen

NORDHORDLAND

*Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen som eit bruhovud til Hordaland. Kontrastane er store, frå dei ytste av om lag 1500 øyar, holmar og skjer i vest og inn til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Dei 2500 innbyggjarane er jamt fordelte kring skulekrinsane Byrknes, Brekke, Dalsøyra og Eivindvik.*

## *Tusenårsstaden Gulatinget*

Det var på Gulatinget – i møte mellom bøndene og statsmakta – at nasjonen Noreg vart bygd for over 1000 år sidan. Tinget var arnestaden for det moderne demokratiet i Norden, og er Sogn og Fjordane sin Tusenårsstad.

## *Levande tradisjonar*

Ei vitjing til Gulen under Kystsogevekene vil gje deg ei oppleving av handverks- og industritradisjonar frå farne tider. Opplev treskoproduksjon i Brandangersund, og eit autentisk vassbruksanlegg på Takle.

## *Gulen Fiskarbondemuseum*

Fiskarbondegard med restaurerte bygningar og utstilling av reiskapar. Gulen Husflidslag stiller ut lappeteppearbeid og demonstrerer lappeteknikkar. Ope laurdag og søndag 14 - 17. Kr. 30,-. For grupper utover desse tidene, ta kontakt: Olav Solheim Tlf. 57783221



**Håkonarspelet «Håkon Adalsteinfostre i Gula» skal i år spelast under kongevitjinga i juni.**

*Sellevåg Treskofabrikk. Foto: Gulen kommune.*

## PROGRAM:

### Søndag 18. august:

Eivindvik. Dahl-dagen. Avduking av minnesmerket over prost Niels Griis Dahl. Overrekking av kyrkjebåt. Gudsteneste. Kontakt: Kari Øvstedal. Tlf.: 57784250

### Laurdag 24. august:

Gulen Fiskarbondemuseum Byrknesøy **kl. 1900:** Teaterframsyning "TERJE VIGEN" i samarbeid med Kystsogevekene og Hordaland Teater. Kontakt: Olav Solheim. Tlf.: 57783221

### Søndag 1. sept.:

Vassbruksmiljøet i Takle.
Open dag. Demonstrasjon av stamping/toving av klede, maling av mjøl og sliping av reiskap. Servering og underhaldning.
**Kl. 13.00 - 17.00.** Kontakt: Rune Virkesdal. Tlf.: 57785596

### Søndag 8. sept.:

Sellevåg Treskofabrikk. Open dag. Orientering om treskofabrikken og produksjonen, og omvising med demonstrasjon av treskoproduksjon. **Kl. 13 - 16.30.** Kontakt: M. Sellevåg. Tlf. 57783659
Brandanger Samfunnshus, Furenes. Rekebord i samband med open dag i fabrikken.
Servering **kl. 14 - 17.** Kontakt: Elin Kvamme. Tlf.: 57783650

### Laurdag 14. sept.:

"Havets delikatesser". Sjømat-fest på Mjømna bygdehus **kl. 20.30.** Dans. Kontakt: Terje Nikøy. Tlf.: 57782391

### Søndag 15. sept.:

ANTIKVITETSMESSE på Nyborg Skytebane. Arr: Nyborg Skyttarlag. Kontakt: Jørgen Virkesdal. Tlf.: 57783241

**Nærare informasjon hos:**
Gulen kommune – kulturetaten, tlf. 57 78 20 00 Internett heimeside: www.nordhordland.net/gulen

# Lindås

NORDHORDLAND

*Lindås er den største kommunen i Nordhordland, med regionsentret Knarvik som eit naturleg knutepunkt. Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua. Lindås er ein fjord- og kystkommune med vakker natur frå fjord til fjell. Ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda, opplev lyngheiane og det opne, vakre kystlandskapet.*

## *Håkonshaugen på Seim*

Vi veit at Harald Hårfagre hadde kongsgard på Seim, og soga seier at Håkon den Gode skal vera gravlagd der. Håkonshaugen er også tusenårsstaden i Lindås kommune.

## *Lyngheisentret på Lygra*

Langs idylliske vandrestiar ligg det gamle kulturlandskapet, som framleis vert halde i hevd på autentisk vis. Soga om korleis folk nytta ressursane i dette opne kystlandskapet, vert formidla både utandørs og gjennom film og utstilling inne i det moderne informasjonsbygget, der det også er matstove. Lyngheisentret vart i 2001 tildelt UNESCO sin internasjonale pris for kulturlandskap.

## *Lindås Sogelag*

Sogelaget har meir enn 5000 registrerte gjenstandar, blant desse ei stor samling med tradisjonsbåtar og sjøbruksutstyr frå Lindås.

## *Mellomalderdagen 25. august 2002*

Temadag om vikingtid og mellomalder. I samarbeid med Lindås Sogelag vert det denne dagen omvising på øydegarden ute i Lurekalven. Organisert rotur over Kalvsundet med tradisjonelle båtar frå distriktet.

## *Norsk Tradisjonsfisk*

Norsk Tradisjonsfisk er eit landsdekkjande prosjekt som tar sikte på å føra vidare dei beste metodane for konservering av fisk frå tida før fryseteknologien.

## *Strilefiskfestivalen 8. september*

Norsk Tradisjonsfisk, Lindås Sogelag og Lyngheisentret samarbeider om eit stort familiearrangement med fokus på sjøbruk og konservering av fisk. Foredrag, demonstrasjonar og smaksprøver. Barneaktivitetar med livet i fjæra, tradisjonsbåtar og framsyning av gamal fiskereiskap.



*Foto: Avisa Nordhordland.*

### PROGRAM:

**Laurdag 10 august:**

Kl. 11.00: Vigsling av Lindåsparken, ved kyrkja. Kl. 14.00: DS Oster går gjennom slusene til Lindåsosane og Lindås. Arr. Nordhordland Veteran-Båtlag.

**Søndag 25. august:**

Mellomalderdagen - temadag om vikingtid og mellomalder. Framsyning av utdrag frå Håkonarvarde. Sjå annan omtale.

**Søndag 8. sept.:**

Strilefiskefestival – Familiearrangement med fokus på sjøbruk og konservering av fisk. Sjå annan omtale.

**26-27 august:**

«Gamle broderiskattar», utstilling på Lyngheisentret m/Oddrun Marie E. Dyrdal. Arr. Lygra Helsel.

**Nærare informasjon hos:**

Lyngheisentret på Lygra, Tlf.: 56356410 - fax: 56 35 64 20
E-post: lyngheisentret@c2i.net
Internett heimeside: www.lindas.kommune.no

# Masfjorden

NORDHORDLAND

*Masfjordnaturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjell-landskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i eit avgøymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går seg lei. Stordals-området har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vass-kraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane i kommunen. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjord-samfunnet. Det bur om lag 1760 menneske i kommunen.*

## Bjørn West museet

Bjørn West museet på Matre framstiller motstandsrørsla sitt virke under 2. verdskrigen. Ei spanande og interessant norsk krigshistorie med ei imponerande samling av autentiske våpen, utstyr og personlege effektar. Biletspel med norsk/engelsk/tysk tale. Juli-august: Ope måndag-fredag kl. 11.00 - 16.00. Elles etter avtale for grupper. Kontakt Alf Solheim, tlf.: 56 36 62 46.

## Trodalsamlinga

Bustad i austlandsstil frå 1820-åra. Omfattar om lag 700 gjenstandar frå bruket i Trodalen: jordbruksreiskapar, reiskapar for skogsdrift og stølsdrift, hushaldningsartiklar og mykje meir. Kontakt Olav Trodal, tlf.: 56 36 62 33.

## Sandnes fiskefestival

Fredag 5. juli: ungdomsdiskotek.

Laurdag 6. juli: fiskekonkuransar og dans på lokalet.

## Kvamsdal Fargeri

Fargeriproduksjon 1889 - 1954. Syner korleis ei industriell småverksemd for farging og handsaming av tøy og garn var bygd opp og vart driven. Komplett med utstyr og reiskapar. Ny dokumentasjonsvideo. Kontakt Masfjorden kommune v/Frode Vee-Haugen, tlf: 56 36 51 00.

## Matre Hotell

Reist i 1911 og lagt ned i 1953. Det er funne sikre haldepunkt for at bygget har høyrt til gamle Kjøbmannsstuen på Bryggen i Bergen. Enkel servering i tidsrommet juni-august. Kontakt Magnhild Rørtveit, tlf. 56 63 62 45, eller Ann Iren Hansen, tlf. 56 36 61 51.

## Risnes fiskefestival

Laurdag 13. juli: Fiskekonkurranse, kulturprogram (rokonkurranse, musikkinnslag med korps, trekkspel m.m., sal av husflidsprodukt m.m.).



*Øyvandring på Dyrøy. Foto: Rune Garmann.*

**Nærare informasjon hos:**
Masfjorden kommune, v/Frode Vee-Haugen, tlf 56 36 51 00
Internett heimeside: www.masfjorden.kommune.no

**PROGRAM:**

**Laurdag 17. og søndag 18. august:**

Bjørn West-museet:
Omvising av veteranar mellom **kl. 11.00 og 16.00.**

Trodalsamlinga:
Open **kl. 13.00 - 16.00**

**Søndag 18. august:**

Bjørn West-marsjen – markering av 20-års jubileum.

# Meland

NORDHORDLAND

*Meland kommune, med 5600 innbyggjarar, er inngangsdøra til Nordhordland. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Reisetida frå Bergen sentrum til kommunesentret på Frekhaug er på knappe 30 minutt. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, terrassemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar (sitat frå Kulturhistorisk Vegbok, Hordaland). Meland Golf og Naturpark gjev med sitt område på 900 mål rekreasjon og naturopplevingar både for golfarar og andre.*



*Melandsrevyen syner historisk spel på Holmeknappen kai.*
*Foto: Haldis D. Urdal.*

## Holmeområdet

Holmeområdet var frå gamalt eit aktivt landbruksområde, der utmarka var ein viktig del av gardsdrifta. Dette kan ein sjå av hustufter, eldre ferdselsårer og noverande bygningar. Sveitsarhuset som er under restaurering, vil vise ei tosidig historie, både som gardshuset på Holme før utskiftinga og som feriebustad for fagforeininga Bergen Jern og Metall. Holmeknappen var i eldre tid ein sentral plass, der det fanst dampskipskai,meieridrift, post, butikk, bakeri, bøkkerverkstad og saltebu. Kystsogevekene 2002 vil fokusere på livet i Holmestova, sjøbruksmiljøet og bøkkerhandverket i Sjøbua samt livet på dampskipskaien.

## Holmestova museum

Holmestova er ei lemstove frå 1551, og er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland.

## Sjøbua museum

Museum for kysthistorie. Sjøbua frå 1700-talet har vore brukt som bøkkerverkstad, saltebu, butikk og skjenkestove.



*Melandsrevyen sine unge skodespelarar frå «Søndagskveld på kaien».*
*Foto: Helen Dale.*

**Nærare informasjon hos:**
Meland kommune – kulturetaten, telf. 56 17 40 00
Internett heimeside: www.nordhordland.net/meland

## PROGRAM:

### Laurdag 24. august og søndag 25. august

**Kl. 11.00 – 17.00** på Holme: Marknad/torg med sal/utstilling av mange handverksprodukt. Sal av tradisjonsmat som sild, lefser, flatbrød.Utstilling av veteranbilar og båtmotorar. Gamle dampen "Oster" ligg ved kai heile helga og vil gå småturar (dersom ho er sertifisert). Skyss i området av hest og veteranbilar. Arr: Arbeidsgruppa for Kystsogevekene.
Historisk spel.
Arr: Melandsrevyen.

Guiding i Sjøbua og Holmestova også i sommarsesongen elles. Kafé m/sal av middag. "Krambua" til Anne Johnsen er open. Sal av kunst/husflid.

### Søndag 25. august:

**Kl. 11.00:** Friluftsgudsteneste på Holmeknappen. Arr: Soknerådet.

**Kl. 12.00-13.00:** Vestbygdmarsjen. Start ved Vestbygd skule. Påmelding v/start. Arr: Holmemarka Vel.

«Gamle broderiskattar», utstilling v/Odrunn Marie Eiriksdotter Dyrdal i Holmestova.

# Radøy

NORDHORDLAND

*Radøy, den grøne øya. Tilnamnet "Den grøne øya" syner til den vakre og frodige naturen i kommunen. Radøy ligg sentralt i Nordhordland, 40 km nord for Bergen. Arealet er 110 km² og folketalet er om lag 4600. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.*



*Emigrantkyrkja – flytta frå Brampton ND, USA. Foto: Roald Straume*

## Vestnorsk utvandringssenter

vart opna 4. juli 1997 og inneheld Emigrantkyrkja, Brampton Lutheran Church, henta heim frå Nord Dakota, USA. Det er og henta heim skulestove, lækjarkontor, nybyggjarstove, lærarbustad, rådhus og fengsel frå pionertida. Senteret inneheld eit unikt utvandrararkiv for Hordaland og Sogn og Fjordane, og der er reist fem bautasteinar knytt til norskamerikansk historie, den norske innsatsen under 2. verdskrigen, og øyane i vesterled.
Opningstider: 1.-16. juni: Laurdag og søndag kl. 1200-1700. 22. juni-11. aug.: Kvar dag kl. 1200-1700.
18. aug.-1. sept.: Laurdag og søndag kl. 1200-1700.
Vaksne kr. 30,-, born kr. 10,-.
5.-7. juli vert det skipa til stort utvandringsstemne.
Elles etter avtale:
Tlf.: 56372000/56372095

## Tjorehagen

med sine 400 ulike rhododendronartar og like mange tre og buskar er vel verd eit besøk. Sesong april-september. Tlf. 56 37 11 45.

## Bogatunet

er eit gardstun frå 1600-talet, i eit historisk kystlandskap. Det samanbygde huset inneheld eldhus, røykstove, bu med loft og glasstove. Glasstova er yngst og er frå byrjinga av 1800-talet. Huset viser trekk frå den mellomalderlege byggeskikken i det nordatlantiske kulturområdet. Det er bevart svært få slike bygningar i kyststroka i Vest-Noreg.

**Nærare informasjon hos:**
Internett heimeside: www.nordhordland.net/radoy

## PROGRAM:

### Laurdag 17. august:

**Kl. 15.00** Sletta. Offisiell opning av Kystsogevekene v/Børge Brende. Framsyning av sogespelet "Amerikafeber" av Johannes Heggland.
**Kl. 17.00** Bøvågen. Torgkveld med div. lokal underhaldning. Heimalanné spelar til dans.
Sjå elles side 3.

### Søndag 25. august:

Manger/Bogatunet. Radøy sogelag skipar til Bogatunstemne. Manger kyrkje kl. 19.00. Salme- og lyrikkveld med tema frå kystkulturen. Organist William Kay, song av Ann Christin Hoen m.fl.

### 26.-30 august:

Manger/Bogatunet. Ein "familie" (skuleklasse frå Sæbø skule) vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen for ein familie på strilalandet på 1800-talet. Det vert servert tradisjonsrik mat.
**Ope kl. 12.00 - 18.00.**

### Laurdag 31. august:

Dansegalla i Radøyhallen med det svenske dansebandet "Torleifs".

### Søndag 8. sept.:

Haustdag i Tjorehagen. Hagevandring, haustrabatt på hageplanter. Kaffi og vaffar.

# Askøy

BERGEN OG OMLAND

*Det gamle namnet på Askøy er Fenring. (Ordet fen tyder myr). Askøy som namn kom truleg i bruk i seinmellomalderen. Askøy er den folkerikaste landkommunen i Hordaland med 20 594 innbyggjarar 1.1. 2002. Askøy vart knytt til fastlandet med Askøybrua, opna i 1992. Avstanden mellom det kommunale administrasjonssenteret i kommunen, Kleppestø på søre Askøy og Bergen sentrum er 14 km, og avstanden mellom Kleppestø og Herdla heilt i nord er 28 km. Askøy sitt kommunemerke er treet ask som står på ei øy.*

## Herdla.

Dei store rullesteinstrendene her kan ha gitt øya namn. Herdla kyrkje er nemnd i eit pavebrev frå 1146. Kyrkja som står på Herdla i dag, er frå 1863. Gjennom århundra har Herdla vore adeleg setegard og eigd av embetsmenn og kjøpmenn. Herdla vart okkupert av tyske soldatar våren 1940. Okkupanten gjorde Herdla til ei festning med barakker, flyplass og bygde Herdla Fort som eksisterte til 2001. På Herdla ligg den største jordbruksgarden i Hordaland med ca. 860 mål overflatedyrka mark, i tillegg til utmark og skog. Her finn ein det største fuglereservatet i Hordaland med 223 registrerte fugleartar. I Herdla museum, opna i 1995, vert Herdlas historie dokumentert. I 2001 opna Herdla Golf ei 6- holsbane her.



*"Cutty Sark i Strusshamn". Foto: Erling Virkesdal*

## Strusshamn.

Strusshamn var det administrative setet i Askøy kommune fram til 1950-åra. Her har vore kyrkje sidan 1741. Strusshamn sine gamle strandhus skaper eit særprega bygningsmiljø rundt Strusshamnvågen. Industrireising i Strusshamn tok til i 1804 då Hans Nilsen Hauge skaffa kapital til å starte mølledrift her. I 1910 starta Arne Johannessen sjoddiproduksjon i den gamle mølla. Då sjoddiindustrien flytta ut, flytta kulturen inn. Museumslag, husflidslag, kystlag, quiltelag, brukskunstlag m.fl. er i ferd med å gjere Strusshamn til eit levande kultursenter på Askøy.

**Nærare informasjon hos:**
Askøy Kulturkontor, tlf: 56 15 84 70
Internett heimesider: www.askoy.com/

## PROGRAM:

**Fredag 22. aug.:**
**Kl. 22.00-01.00.** Nattåpent i Askøyhallen. Rusfritt arrangement for ungdom mellom 13 og 19 år.

**Søndag 8. sept.:**
Kulturminnedagen "Da klokka klang, skolen-bygningen-kunnskapen". Arrangement i Shoddyen. (nærare info. i Askøyværingen)

**Laurdag 28. sept.:**
"Kor i Havna" – Korseminar for Hordaland.

**Søndag 29. sept.:**
Havariet av "De Zee Ploeg" med foredrag, film m.m. i Herdla museum kl. 13.00.

**Laurdag 12. – søndag 13. okt.:**
"Kyst Blues" i Strusshamn.

# Bergen

BERGEN OG OMLAND

*Laksevåg bydel ligg lengst vest i kommunen, omkransa av fjordar og viker i nord, vest og sør. Midt i bydelen ligg staute Lyderhorn, kjent som varde- og heksefjell. Fjellet er ein ynda utferdsstad der ein har ei vakker utsikt til nærområda og til mange omkringliggjande kommunar. Ikkje minst er det eit strålande syn å sjå når sola går ned mot horisonten over Nordsjøen i vest.*



*Håkonarspel 2001*

## *Verdt å få med seg i Laksevåg bydel:*

**Bygningar:**
*Damsgård Hovedgård*, Alléen 29, Laksevåg
*Alvøen Hovedbygning*, Alvøen
*Kommandantboligen*, i Gravdal, Gravdalsveien 155, Laksevåg
*Lyst & Fryd*, Damsgårdsveien 174, Laksevåg
**Krigsminne:**
*Laksevåg lokalmuseum*, Bunker Jansonmarken, Laksevåg
*Kvarven Festning*, grusvei forbi Nutec i Gravdal til festninga
*Åsen/Olsvik batteri*, Fæsteråsen, Olsvik
*Tennebekk*, tidlegare krigsfangeleir. Minneplakett over russiske og norske krigsfangar som vart henretta under krigen
*Ubåtbunkeren* på Laksevåg
**Kulturminne:**
*Håkonshella*, bauta over Håkon den Gode (920-961)
*Bjørndalshelleren*, bak Vannkanten, steinalderbustad
*Helleren på Hilleren*, Mathopen v/Rieber, steinalderbustad
*Kruttverksområdet i Gullaksdalen*, Småvannet v/Alvøen. Folder m/informasjon v/Alvøen idrettspark og Vassenden
**Fjell:**
*Lyderhorn og Damsgårdfjellet*

**Nærare informasjon hos:**
Laksevåg kulturkontor, tlf. 55 56 29 40
E-post: hilde.blindheim@bergen.kommune.no
Internett heimeside: www.bergen.kommune.no/info

## PROGRAM:

**31. august - 31.sept.:**
**Husflid og handverksmesse**
Hordamuseet si store, årlege messe med sal av husflid, handverk og kunsthandverk.
**Opningstid: 12.00-17.00.**

**Fredag 13. sept.:**
**Kl. 18.00:** Håkonarspelet «Håkon Adalsteinfostre». Skuleframsyning.

**Laurdag 14. sept.:**
**Kl. 19.00:** Opning av kulturveka i Laksevåg med Håkonarspelet "Håkon Adalsteinsfostre". Kveldsforestilling på Håkonsvern. Utdeling av Kystsogeprisen før spelet.

**Onsdag 18. sept.:**
"Reisa til Bergen" – ein jektetur til Bergen i 1816. Teaterframsyning ved Vestlandske teatersenter på Haugatun kultursenter.
**kl. 10.00 og 12.00.**
**Kl. 19.00-21.00:** Gamaldags bedehuskveld i Vassenden.

**Laurdag 21. sept.:**
**L@x 2002**
Heile dagen: Stort ungdomsarrangement på Håkonsvern. Sivil-militært kultursamarbeid.

**Søndag 22. sept.:**
Avslutningsarrangement.
NB! Sjå eige program for Kulturveka 14.09-22.09.

# Fjell

## BERGEN OG OMLAND

*Fjell kommune grensar i sør til Sund, i aust til Bergen, i nord til Øygarden og i vest til storhavet. Kommunen har eit areal på 147 km², fordelt på nordre delen av Sotra, Litle-Sotra, Bildøyna og om lag 270 større og mindre øyar og holmar. Folketalet nærmar seg 20 000, ei tredobling i løpet av tretti år, og side om side med folkeauken har kommunen utvikla seg til eit moderne samfunn med gode kommunikasjonar og eit rikt tilbod av tenester. Overalt i kommunen har du lett tilgang til rike natur- og kulturopplevingar: du kan slengja ut snøret og få deg ein kokefisk, du kan bada og driva sjøsport, du kan vandra over blankskura svaberg, knausar og kollar, du kan nyta fuglesongen i bjørk og kratt, fargespelet i lyngen og lukta av brake. Steingardar og heimebøar, naust og bryggjer, trebåtar og nothengjer er storslåtte minne over ein smålåten kultur. Går du opp til Liatårnet, 341 m over havet og det høgste punktet på Sotra, ser du vidt og fritt frå Hjeltefjorden til Folgefonna, og utover mot havet som blenkjer - eller reiser seg i sitt velde - i vest.*



*Langøy Kystkultursenter*

På Langøyna på vestsida av Sotra finn du Langøy Kystkultursenter, ein tradisjonsrik handelsplass med butikk, bakeri og naust. Senteret har søndagskafé om sommaren, og er etter avtale ope for overnattingar heile året.

På Misje er det bygt opp eit lite museum som viser daglegl ivet "frå vogge til grav" gjennom hundre år. Bilete og gjenstandar levandegjer kystkulturen: fisket, fiskeindustrien, emigrasjonen, livet under krigen, reiskap, mat og klede. Museet m/kafé er ope kvar søndag kl. 15 - 18, elles etter avtale.



*Misje*

**Nærare informasjon hos**
kulturavdelinga ved oppvekstetaten i Fjell kommune tlf.: 56 32 65 10.

### PROGRAM:

**25. august kl. 1200:**
Friluftsgudsteneste på Langøy Kystkultursenter. Etter gudstenesta går turen vidare til Syltøyna - i båt eller bil - til familiedag med omvising i smia og landhandelen på Storesund. Sjømat og kaffi.

**31. august - 1. sept.:**
Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter. Familiedagar med kafé, båtar, fisking, dyr, teater, opplesing, musikk, song og dans, og krambu ved lokale handverkarar og matprodusentar.

**31. august**
**Kl. 13.00:** Kulturminnedagar og sild & poteter-kafé på Misje museum.

**1. sept. kl. 1900:**
"Kvelds" på Algrøy bedehus, med gamle bedehussongar og tradisjonell servering.

**6. – 17. sept.**
Utstilling av barnekunst på Galleri Haganes.

**7. sept.:**
Offisiell opning av Nordsjøløypa, Kjereidet ved grensa mot Sund.

# Os



*Os ligg ved Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er næraste granne til Bergen, og her bur det 14 000 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Siste tiåret er det satsa mykje på å gjera bygdesentret vakrare, mellom anna med å få fram att noko av det gamle strandstadpreget. Os kommune har ein båt under ei stor rose og ni stjerner i kommunemerket. Det symboliserer dei to handverka bygda er mest kjend for, rosemålinga og båtbygginga.*



*Kappsegling med oselvar. Foto: Vidar Langeland*

## Den levande vikingarven

Båtbyggjarsoga er like gammal som busetnaden langs kysten vår. I utbroten line har handverkskunnskapen gått frå far til son gjennom hundreåra like fram til i dag. Oselvaren er ein av svært få båttypar der ein framleis har båtbyggjarar som kan heile handverket fullt ut. Båten vart utvikla i eit nært samspel mellom båtbyggjaren og brukaren. Såleis opparbeidde båtbyggjarane kunnskap som sette dei i stand til å byggja ein båt nett slik at han høvde til føremålet. Oselvarverkstaden vart bygd og sett i drift i 1997, med føremål å berga denne handverkskunnskapen for etterslekta. Det var då att berre to aktive båtbyggjarar som kunne handverket fullt ut. Desse vart tilsette på verkstaden, saman med to unge båtbyggjarar som skulle læra å byggja oselvarar. No er kring fem årsverk knytte til Oselvarverkstaden.

## Oselvaren i kvardag og helg

Når kystkulturen skal marknadsførast i Os, er det naturleg at oselvaren står i sentrum, såleis også i Kystsogevekene i år. Programmet femner om fiskekonkurranse, roing og segling, og sjølvsagt omvising på Oselvarverkstaden.

*Du er hjarteleg velkomen til Os!*

**Nærare informasjon hos:**
Os kommune, kultureininga v/Åsmund Lien, tlf. 56 57 52 55.
E-post: aasmund.lien@os-ho.kommune.no

## PROGRAM:

### Laurdag 31. august:

**Kl. 10.00 - 15.00:** Bondens dag. Torgdag på Osøyro, gratis frukost. Torghandel. Bilfritt sentrum.
**Kl. 12.00 - 16.00:** Kappsegling for oselvarar, standardbåtar og konkurransebåtar.

### Onsdag 4. sept.:

"Reisa til Bergen" – ein jektetur i 1816. Teaterframsyning ved Vestlandske teatersenter. Oselvarnaustet **kl. 19.00,** seinare på kveldstid.

### Laurdag 7. sept.:

**Kl. 11.00 - 14.00:** Fiskekonkurranse frå robåt med dorg og harpesnøre.
**Kl. 11.00:** Oselvarmønstring. Oselvarar, med og utan segl, samlast i elveosen.
**Kl. 13.00 - 17.00:** Kapproing med oselvarar, standardbåtar og kapproingsbåtar. Kort bane for born.

# Osterøy



*Osterøy, den store innlandsøya i Sør-Noreg, ligg omkransa av Osterfjorden og Sørfjorden. Folketal om lag 7000. På Osterøy finn du ein einestående småindustri og rike handverkstradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg. Ein rundtur på Osterøy gjev deg høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar. Me inviterer deg til å leggja turen innom Havråtunet, Osterøy Museum og Hamre Kyrkje.*

## Osterøy museum:

Gamalt handverk – ny industri. Ei annleis kulturreise gjennom Osterøy si mangfaldige handverks-, husflids- og industrihistorie. Folk som budde langs med fjordane i Nordhordland, var flinke til å utvikla tilleggsnæringar. Dei spesialiserte seg på handverk og småindustri. Denne tradisjonen har ostringane halde fast på og vidareutvikla. Helga 24.-25. august er det opne dører i enkelte av bedriftene på Osterøy og på Osterøy museum, og det vert kyndig omvising i så vel museal som moderne industri. Tiltaket er eit samarbeid med Osterøy industrilag, bedrifter på Osterøy og Osterøy museum.

## Hamre kyrkje

Kyrkjestaden Hamre var i mellomalderen den viktigaste møtestaden i Nordhordland. Her låg hovudkyrkja for området, den første stod her så tidleg som i 1024. Hamrepresten var



*Blødalssmia inne. Fotograf: Inger Ausheim, Osterøy Museum.*

hovudprest for bygdene mellom Bergen og Sognefjorden. Den andre kyrkja vart reist om lag 1170 og hadde eit rikt inventar. I dag står renessansekyrkja på Hamre, bygd mellom 1620 og 1640, på grunnen av dei tidlegare kyrkjene.

## Solbjørg ungdomslag – kulturkafeen.

Solbjørg ungdomslag er eit av dei eldste ungdomslaga i Hordaland, skipa 1894. Under Kystsogevekene vil dei presentere utdrag frå laget sine ti første år. Dei vil synleggjera dei viktigaste hendingane i denne tida som sogespel, bunde saman av ein forteljar.

**Nærare informasjon hos:**
Osterøy kommune – kulturetaten, tlf. 56 19 21 61

## PROGRAM:

### Søndag 18. august:

**Kl. 13.00:** Omvising i Hamre kyrkje, v/Kristoffer Foldøy.

### 24. og 25. august:

**Kl. 12.00-16.00** begge dagar: Omvising i Mjedlasmia, Treskoverkstaden i Hosanger og Bløddalsmia.

**24.** Mjøs Metallvarefabrikk, Tysse mekaniske verkstad.
**25.** Lonevåg Beslagfabrikk, Skisma Produkter og Hanstvedt Møbelfabrikk.

### Fredag 6. sept.:

**Kl. 19.00:** Framsyninga "Attersyn" i lagshuset på Solbjørg. Utdrag frå lagssoga til Solbjørg ungdomslag.

### Torsdag 12. sept.:

"Terje Vigen" – teaterframsyning ved Hordaland Teater **kl. 19.00** på Osterøy Folkeboksamling, Lonevåg.

Havråtunet.
Omvising **kl. 12.00 - 15.**00 alle søndagar.

Osterøy museum.
Gamalt handverk – ny industri.

# Sund

BERGEN OG OMLAND

*Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdiar er eit viktig fokus for Sund kommune. Det vert elles lagt vekt på trygge bumiljø, gode oppvekstvilkår og aktiv medverknad i ein desentralisert krinsstruktur. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet for innbyggjarane. Kommunen er og aktivt med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid. Barn og unge har hovudfokus i arbeidet med vern, vekst og utvikling.*

## *Unike kvalfangst-tradisjonar.*

Skrifter frå 1535 nemner Telavåg og Skogsvåg som særs gode fangstplassar for kval. Ei særeigen og truleg eldgamal fangstform på vågekval fann stad i Skogsvåg inntil slutten av førre århundre. Kvalen vart stengd inne med not og avliva ved hjelp av infiserte pilar. Fangstmetoden er m.a. skildra i Norges Naturlige Historie av Pontoppidan i 1754. Den siste kvalen som var drepen av piler vart truleg teken så seint som i 1900. Den siste kvalen vart skoten i 1960. Med musikk, forteljing, utstilling og smaksprøver vil ungdomslaget, båtlaget, kvinne- og familielaget og skulen laga eit bilete på korleis den siste kvalfangsten i Skogsvåg gjekk føre seg.



*Kvalfangst på «gamle måten».*
*Foto.: Aftenposten.*

## *Historisk vandring i Telavåg søndag 8. september.*

I år er det 60 år sidan dei dramatiske hendingane i Telavåg, då heile bygda blei rasert og innbyggjarane blei førde bort. I det høvet arrangerer Nordsjøfartmuseet historisk vandring søndag 8. september til stadene der dramaet fann stad. Vi møtest ved minnestøtta i Telavåg kl. 12.30 og avsluttar på Nordsjøfartmuseet med film om Telavågtragedien. Kafeen på Norsjøfartmuseet vil vera open for middagsservering. Buss frå Bystasjonen kl. 11.10.



*Utsikt frå terrassen på Nordsjøfartmuseet*
*Foto: Rune Fjæreide*

**PROGRAM:**

**Søndag 1. sept.:**

Fest Kval i Skogsvåg frå
**kl. 15.00.**
Musikkframføringar av Sund Blandakor, Sund Brass og tambur Rolf Seldal.
Båtturar med Hope Trebåtlag.
Informasjon, utstilling og smaksprøver.
Kvalkjøtrettar: kr. 30,-.
Kaffi/lappar: kr. 10,-.

*Kanskje kjem kvalen? Kjem du?*
Enkeltbillett: kr. 50,-.
Familie: kr. 100,-.

**Søndag 8. sept.:**

Historisk vandring i Telavåg.
**kl. 12.30.**
Pris: Vaksne kr. 30,-.
ungdom kr. 15,-.
barn u/7år gratis.

**Nærare informasjon hos:**
Sund kommune, tlf. 56 32 75 00 – E-post: post@sund.kommune.no
Internett heimeside: www.sund.kommune.no
Nordsjøfartmuseet, tlf. 56 32 74 40 – E-post:nordsjfm@online.no
Internett heimeside: www.nordsjofartmuseet.no

# Øygarden

BERGEN OG OMLAND

*Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden; heile 500 ved fjære sjø. Etter at ein fekk ferjefritt samband, har kommunen vore i ei rivande og utfordrande brytningstid, kjenneteikna m.a. ved jamn og stor folkeauke og mange nye etableringar innan næringslivet. Dei viktigaste næringsvegane er knytte til sjøen. I dag er kommunen leiande innan havbruk og fiskeoppdrett. Frå sjøen kjem og olje og gass til industrianlegg som gjev kommunen stor utvikling og viktige arbeidsplassar. Regionen har gode vilkår for friluftsliv, fiske og sjøsport.*

## Kystmuseet i Øygarden

Eit museum for kystkulturen i ytre strøk av Hordaland. Museet er oppteke av samanhengen mellom kultur og natur, miljøtilhøve, samfunnsutvikling og dokumentasjon av fortid og samtid i kystregionen.

## Kystkulturdag søndag 25. august

Kystmuseet har ei fast utstilling om Strilekysten sin energi- og ressursbruk gjennom 10 000 år, samt skiftande utstillingar. Museet har auditorium med 50 sitjeplassar og moderne AV-utstyr. Framsyning av kulturhistoriske filmar. Museumskafeen har flott utsyn over Ovågen og den gamle dampskipskaia, og rolege omgjevnader til å nyta ein kaffikopp med heimebakst. Sesongope: April – september, elles etter avtale.



*«Kystmuseet i Øygarden». Foto: Bjørg Christophersen.*

**Nærare informasjon hos:**
Øygarden kommune – kulturetaten, tlf. 56382000
Heimeside: www.oygarden.kommune.no
Kystmuseet i Øygarden, tlf. 56385050 - fax: 56385051
E-post: kystmuseet.oygarden@c2i.net
Internett heimeside: www.museumsnett.no/kystmuseet

## PROGRAM:

### Søndag 25. august:

Kystkulturdag:
**"BYSLUDD OG STRIL".**
Høgdepunkt frå 5 år med humoristiske spel: Dampen amatørteater saman med skulane i Øygarden og Kystmuseet står ansvarlege for oppsetjinga.

**KONSERT: FLIFLET/HAMRE.**
Eit orkester som verkeleg er noko for seg sjølv. Med trekkspel og trommesett har Gabriel Fliflet og Ole Hamre skapt ei eiga form som har begeistra både publikum og kritikarar i dei ulike miljøa (følg med for nærare informasjon seinare).

### Torsdag 29. august:

"Gamle broderiskattar"/utstilling på Kystmuseet i Øygarden ved Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal.

**Kystmuseet i Øygarden:**
Opningstider:
April-sept.: søndagar kl. 12-17
Mai-august: månd.-fred. kl. 11-15
Sommarskuleferien: laurd. kl. 11-15

# Austevoll

SUNNHORDLAND

*Austevoll er ein av dei største fiskerikommunane i Noreg. Det er 4459 innbyggjarar fordelt på 10 øyar. Kommunesentret ligg på Storebø. Flatemålet er 114,3 kvadratkilometer, fordelt på 667 store og små øyar. Austevoll er i dag den største oppdrettskommunen i landet. Næringa gjev fleire hundre arbeidsplassar innan oppdrett, foredling, transport, produksjon av utstyr og forsking. Austevoll byrjar etter kvart å bli knytt saman av ei mengd bruer, blant anna finn ein verdas lengste «fritt fram bru» i Austevoll (hovudspenn 301 meter).*



*Bekkjarvik torg ligg idyllisk til saman med det tradisjonsrike Bekkjarvik Gjestgiveri. Her er også ei framifrå gjestehamn.*

## Bekkjarvik

Bekkjarvik er eitt av sentra i Austevoll kommune. Det har vore handelsstad i Bekkjarvik heilt sida mellomalderen, og det har vore ein møtestad for kystfolk i alle år. Bekkjarvik er ei perle for folk flest, og turistar som besøkjer Bekkjarvik, er imponerte over den godt bevarte handelsstaden, som både har kafé, restaurant og overnatting.

## Bakkasund

Bakkasund ligg på Storakalsøy som er lengst nord i Austevoll kommune. Bakkasund var allereie på 1600-talet ei viktig hamn, både for fiske, losing, småbruk og handel. I dag vert handel- og gjestgjevarstaden nytta som feriestad, og det er eit rikt miljø på kaien med kystmuseum og landhandel.

## Kvalvåg

Kvalvåg ligg på Stolmen som ligg lengst sørvest i Austevoll kommune. Kvalvåg var kjend alt på 1600-talet. I vekesvis kunne fiskarane liggja her og venta på silda. Det var handel med fiskevarer, korn, hamp, salt og tobakk. 4. august i år vert Kvalvågen forvandla til den gamle handelsplassen igjen. Det vert arrangert ein temadag om fiskarkona som var heime med ungar, hus og gard, mens mannen var ute på fiske.

**Nærare informasjon hos:**
Austevoll kommune – kulturkontoret, tlf. 56 18 03 00
Internett heimeside: www.austevoll.kommune.no

## PROGRAM:

**Bekkjarvik:**

### Laurdag 17. august:

**Kl.10.00-22.00:** Tivoli
**Kl.11.00-17-00:** Torgdag med musikk og underhaldning.
**Kl. 18.00:** Ytre Suløen jassensemble med songerinna Tricia Boutt.
**Kl. 21.00:** Ytre Suløen Jassensemble med songerinna Tricia Boutt.

### Søndag 18. august:

**Kl. 11.00:** Friluftsgudsteneste
**Kl. 13.00-18.00:** Tivoli

### Tysdag 3. september:

"Reisa til Bergen" – ein jektetur i 1816. Teaterframsyning i Hengjo Bekkjarvik, ved Vestlandske teatersenter (i skuletida).

**Stolmen:**

### Søndag 4. august:

**Kl. 11.00-12.30:** Gudsteneste.
**Kl. 12.30-18.00:** Temadag om fiskarkona. Utstilling og aktivitetar knytta til fiskarkona, marknad på kaien.

**Bakkasund:**

### Laurdag 10. august:

**Kl. 11.00-14.00:** Ope hus på Storakalsøy museum med omvising og museumskafe.

# Bømlo

SUNNHORDLAND

*Bømlo er Sunnhordland sitt yttarste vern mot eit storhav i vest som gir arbeid og kvile, sorg og glede til 10 800 innbyggjarar på dei mange øyane kommunen er samansett av.*

*Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. I dag er det skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og høgteknologiske verksemder knytt til det maritime miljøet som pregar næringslivet.*

*Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, og for kulturinteresserte som søkjer opplevingar tufta på gamle og rike tradisjonar.*

## Espevær

Espevær er eit lite, men levande samfunn, rikt på minne frå det rike sildefisket. Her kan ein vandra rundt mellom frodige hagar, segla gjennom trange sund, eller ankra opp i ei roleg vik medan havet brusar i vest. Bli med ein tur til Espevær, ei perle yttarst Bømlafjorden.

## Moster Amfi

Olav Tryggvasson som steig i land på Moster i 995, let reisa landtelt og heldt messe. I dag står det Kyrkjehistoriske senteret i tilknyting til den finaste utescena i Nord-Europa, og er arena for det årlege Mostraspelet i juni.

## Lykling

Ola Olsen Lykling heitte ein liten gut som, medan han gjette sauer i utmarka, fann det fyrste gullet på Lykling. Tjue år seinare fann ein gull i "Storhaugen Grube". Dette utløyste eit "gullrush utan sidestykke i Noreg.

## Brandasund

Brandasund er ein gamal handels- og gjestgjevarstad frå 1600-talet, der den gamle kystkulturen framleis står sterkt. Staden har ei særprega busetjing, samanklemd mellom fjellknausar i sjøkanten.

## Sønstabøvågen

"Indenfor det bekjendte, farlige Sund, Bremsund kaldet," ligg den gamle handelsstaden Sønstabøvågen; på 1800-talet ei sentral hamn på vestsida, i dag ein stille våg kvilande i skuggen av si eiga historie. Vågen er sentrum i eit område med mange kulturminne, mellom anna ein kystsignalstasjon med klaffetelegraf frå Terje Vigens tid.

## Langevåg

Langevåg er i dag den einaste staden på Bømlo som kan skryta av å ha ferjesamband etter at Trekantsambandet opna. Elles har Langevåg det eldste bedehuset i landet, kyrkje frå 1621, motormuseum, og innerst i vågen ligg ei triveleg gjestebryggje.

## Kanalane på Bømlo

Kulleseid- og Røyksundkanalen vart i si tid bygde for å gjera tilhøva lettare for fiskarane. I dag er desse vakre vassvegane til stor glede for tusenvis av båtturistar kvart år.



*Kullseidkanalen.*

# Bømlo

SUNNHORDLAND

## PROGRAM:

### Laurdag 17. august:

**Brandasunddag.**
I det gamle tunet vert det arrangert torghandel, musikk og underhaldning. Baroniet kyst- og gardsmuseum er ope. Fabrikkloftet er ope frå kl. **12.00 til 01.00:**
Det vert servert tradisjonell kystmat fram til **kl.21.00.**
**Kl. 21.00:** Underhaldning og musikk m.m.
Naustvika ullverkstad og steinsmie:
**Kl. 10-17:** Demonstrasjon og sal av brukskunst, fisk og diverse. Matserveing el.l.

**Moster Amfi**
Ope for omvising frå
**kl. 13.00-17.00.**

### Søndag 18. august:

**Moster Amfi**
Ope for omvising frå
**kl. 13.00-17.00.**

### Laurdag 24. august:

**Langevåg**
Frukost på kaien i Kåso. «Frå grønstein til grunnstein», foredrag og informasjonsstand ved konservator Sigmund Alsaker og Universitetet i Bergen. Om kvelden reiser me til **Espevær** der det blir skaldyrbord på Biekaien
**kl. 18.00.**
Dans i Grendahuset **kl. 21.00.**

### Søndag 25. august:

**Espevær**
Espeværdag.
Hummarparken: Omvising frå
**kl. 12.00-16.00.**
Baadeholmen:

Baadehuset er ope for omvisingar frå **11.30-17.30.**
Demonstrasjon av gamle opplyringsmotorar.
Servering av grilla laks og rykande fersk hellebakst.

Biekronå kafé serverer tradisjonell kystmat frå **kl. 11.00-18.00.**

**Gullgruvene på Lykling.**
Bli med Sunnhordland Guideteneste på Gruvevandring. Du vil møta rallarane med sine rallarviser og sjå synlege spor frå gruvedrifta. Velkommen **kl. 14.00**

### Laurdag 31. august

Kulturhistorisk kveld i **Sønstebøvågen** med mellom anna Hordaland Teater si framsyning «Terje Vigen». **Frå kl. 17.00**

### Fredag - søndag 6.- 8. september:

**KANALDAGAR PÅ BØMLO**
Kulleseidkanalen: Maritim marknad. Stor utstilling av forskjellige typar fritidsbåtar. Salsboder med alt tenkjeleg utstyr til båtar og båtliv. Veteranbåttreff. Historisk foredrag om Kulleseidkanalen.Kulturinnslag og underhaldning for store og små. "Gamle broderiskattar", utstilling ved Oddrun Marie E. Dyrdal. Maleriutstilling. Gudsteneste på «gamle måten» søndag formiddag.

**Røyksundkanalen:**
Mange aktivitar for heile familien. Maritim loppemarknad, tivoli med meir. Sjømatkveld med havets bord og dans. Søndag blir det servert familiebuffe.

**Båtkonvoi:**
Denne helga møtest båtfolk frå heile distriktet for å vrimla i kanalane på Bømlo.Søndag vert det heile avslutta med ein konvoi til Moster.
Konvoien startar frå Kulleseidkanalen **kl. 12.00,** frå Røyksundkanalen **kl. 13.00,** og kjem til Mosterhamn til avslutningsarrangementet i Moster Amfi
**kl. 15.00.**
Der blir det eit variert kulturprogram med innslag frå alle Sunnhordlandskommunane og utdrag frå Håkonarspelet «Tora Morstrastong og kongen» med Bømloteateret. Vinnaren av Kulturorienteringa vert kåra, og overrekt ein gåvesjekk på kr 20 000,-.

**Nærare informasjon hos:**
Jorunn Helgesen, Espevær, tlf.: 53447941
Internett heimeside: www.bomlo-reiselivslag.no

# Fitjar

SUNNHORDLAND

*Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland, og hovdingane her, "Fitjung-sonum", er nemnd i Håvamål, det eldste sogeskriftet i Noreg.*
*Håkon den Gode var sterkt knytt til Fitjar. Til minne om slaget mot Eiriksønene vart statuen av Håkon den Gode reist i Fitjar sentrum i 1961 og avduka av kong Olav.*
*I dag er Fitjar ein livskraftig kommune i vekst. Me har ein fantastisk skjergard og det vert hevda at det er like mange øyar utanfor Fitjar som det er dagar i året. Samstundes er det kort veg til høge fjell. For mange som ferdast langs E-39, er Sandvikvåg ein kjend ferjestad. Frå Sandvikvåg er det kun 6 km inn til Fitjar sentrum, som har eit godt utbygd nærings-, kultur- og servicetilbod. Fitjar har eit variert og moderne næringsliv. I samarbeid med nabokommunen i sør jobbar ein aktivt for å etablera nye næringsvegar gjennom omstillingsselskapet SNU A/S. Tilrettelagde industri-, nærings- og bustadareal står klar til å ta imot nye Fitjarbuar.*

## Håkonarparken

Midt i sentrum ligg Håkonarparken med statuen av Håkon den Gode. Statuen er laga av bilethoggaren Anne Grimdalen og avduka av kong Olav i 1961 under 1000-års jubileet for slaget på Fitjar. Soga fortel at kongen var i veitsla (gjestebod) då brorsønene hans, Eiriksønene, gjekk til åtak. Slaget på Fitjar er tema for Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelmen", eit historisk spel som vert spela i parken i august.

## Årskog Museum.

Årskog Museum er ein gamal vestlandsgard som brørne Lars og Olai Årskog testamenterte til Fitjar kommune i 1980.



*På sjørøvartokt med «Seladon».*

Garden har vore i same slekta i om lag 400 år. Ned mot sjøen ligg eit verdfullt kulturlandskap med rydningsrøyser og steingard, gardstun og naust som viser kombinasjonen jordbruk og fiske som var vanleg i kyst-Noreg. Museet har ei unik samling av tekstilar. Samlinga viser kleda som vart nytta av familien både til kvardag og fest gjennom 100 år.

**Nærare informasjon hos:**
Fitjar kommune- kulturetaten, tlf. 53 45 85 00
Internett heimeside: www.fitjar.kommune.no

## PROGRAM:

**Fredag 23. august:**
Håkonarspelet – skuleframsyning.

**Laurdag 24. august:**
Opning av kunstutstilling på Biblioteket.
Håkonarspelet-kveldsframsyning.

**Søndag 25. august:**
Håkonarspelet-dagframsyning.

**Tysdag 27. august:**
"Terje Vigen" – kulturkveld på Biblioteket. Teatrframsyning ved Hordaland Teater.

**Torsdag 29. august:**
Barneteater på Biblioteket.

**Søndag 1. sept.:**
"Minnest du songen" – songkveld på Bedehuset.

**Tysdag 3. sept.:**
"Gamle broderiskattar"/utstilling. Temakveld på Biblioteket, ved Oddrun Marie Eiriksdotter Dyrdal.

# Stord

SUNNHORDLAND

*Stord er einaste byen i Sunnhordland, og senter for regionen. Her er knutepunkt for kommunikasjonane innan og til og frå Sunnhordland. Ved sida av landbrukstradisjonane har Stord utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri, skulesenter og eit breitt spekter av serviceverksemder. Kvar du enn er i kommunen, har du stranda og høgfjellet innan kort avstand. Stord har eit rikt planteliv og variert berggrunn. Kristtorn som veks villig og fritt, er motiv i kommunevåpenet.*



*«Stord – byen i Sunnhordland». Foto: Tor Resser*

## Sunnhordland Folkemuseum

Sunnhordland Folkemuseum er distriktsmuseum i Hordaland med kontor og samlingsbygg på Leirvik, Stord. Museet har fleire bygdetun. På Leirvik har vi faste utstillingar frå jordbruk, skogbruk, sjøbruk pluss Stord Maritime Museum (nytt), og førhistorisk tid. Friluftsmuseet på Leirvik omfattar landbruksbygningar, to røykstover, ei lemstove, ei strandsitjarstove, ein skule, ei krambu og ei bu ved sjøen ved kyrkja, med husvære for møllaren.

## Sagvåg – Jensaneset

Det har vore sagt at i Sunnhordland har det vore bygd båtar i mest kvar ei vik og på kvart eit nes. Det er vel litt overdrive, men i Sagvåg høver utsegna godt. Her låg byggjeplassane tett i tett: Jensaneset, Breiavikjo, Vervatåno, Holmen, Skjerpavik, Eriksøyro og Tjøregrovneset. Nokre var i drift berre ein kort periode, medan det største, Ottesen Skibsbyggeri på Jensanes, bygde båtar i nærare 150 år. Området og bygningar er godt bevarte, og svært mykje av verktøyet og maskinane eksisterer framleis. Sagvågen Kystlag har fått leiga eitt av husa, ei samling med robåtar, deriblant ein seksæring rigga med segl, ein kyrkjebåt frå Åkra og ein gavlabåt på 40 fot frå 1938 som skal restaurerast.

**Nærare informasjon hos:**
Sunnhordland Folkemuseum, tlf.: 53 41 38 99
E-post: felles@sunnhordland.museum.no
Internett heimeside: www.stord.kommune.no

## PROGRAM:

### Laurdag 17. august- søndag 15. sept.:

Karl Erik Harr salsutstilling, grafikk i KUNSTHUSET, Almåsvegen, Sagvåg. Opning laurdag 17.aug. **kl. 12.00.**
Opningstider:
Laurdag: **kl. 12.00 - 15.00.**
Søndag: **kl. 17.00 - 20.00.**
Torsdag og fredag: **kl. 18.00 - 20.00.**
Elles etter avtale.
Tlf.: 53 49 30 43

### Laurdag 31. august:

Vervadag på Jensaneset, Sagvåg, **kl. 10.00.**

### Søndag 1. sept.:

Friluftsgudsteneste på Verven **kl. 11.00,** v/Reidar Ådnanes.

**Sunnhordland Folkemuseum:**
Opningstider:
Månd.,tysd., torsd., fred.: **kl. 10.00 - 15.30.**
Onsd. og sønd.: **kl. 16.00 - 19.00.** Laurdag: **kl. 10.00 - 13.00.** Omvising i museet sine utstillingar og tun.

# Sveio

SUNNHORDLAND

*Sveio – midt i leio. Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland, ligg sentralt ved seglingsleia langs kysten. Flòkavarden, seinare Ryvarden, har vore seglingsmerke i over 1100 år, og folket i Sveio har hatt sjøen som både matfat og arbeidsplass.*



*Valenheimen*

## Valenheimen

Vi sit på bussen og kjører nordover frå Haugesund. I musikktimane har vi fått høyre om Fartein Valen (1887 - 1952) og musikken hans. Om oppveksten på Madagaskar, om studia hans i Berlin og Oslo, om alle rosene hans og at han var så umåteleg glad i kaffi. I dag er vi på veg til konsert med Hanna Marie Weydahl, og neste veke har vi planar om å høyre Fylkesmusikarane i Nord-Rogaland.

## Røykenes

Røykenesgarden med Liervassdraget har på mange vis ei uvanleg interessant historie. I vassdraget har bruka under Røykenes hatt fallrettar som vart nytta til å drive stampa, kvern og i eldre tider oppgangssag. I Røykenesvågen der Liervassdraget renn ut, finst det ei rekkje barlastrøysar. Desse er frakta hit av utanlandske skip som kom til vågen for å hente trevirke til land ute i Europa, ikkje minst Skottland. Kjelder tyder t.d. på at det var skottar som på 1500-talet dreiv både jord og sagbruk her inne.

## Hovda – Buavåg

Det gamle "Sjøhuset" i Buavåg er over 200 år gamalt. Sjøhuset vart brukt til sildesalting, bøkkerverksemd, butikk og bustad. Sjøhuset var eit sentralt bygg i sildetida, spesielt i perioden 1840-70 og i gulltida 1880-90. Frå Sjøhuset er det merka løype til gullgruvene på Hovda. Folket i Buavåg har i alle dagar sett kystkulturen høgt, og i den seinare tida har dei arbeidd for å få fram kulturarven frå ei svunnen tid. Her vil ein ta vare på gamle verdiar samstundes med at ein utviklar nye.

**Nærare informasjon hos:**
Sveio kommune v/Pål W. Jøsok, tlf.: 53740100
Internett heimeside: www.sveio.kommune.no

## PROGRAM:

### Søndag 18. august:

**Kl. 18.00:** Konsert i Valenheimen med Hanna Marie Weydahl, piano.

### Søndag 25. august:

**Kl. 13.00:** Røykenes-Selsåsvika Sveio kystlag skipar til "strandhogg" med aktivitetar for heile familien. M.a. drive stampe, sagbruk, bøkring og båtbygging. Tur med Sveio turlag i samband med arrangementet.

**Kl. 18.00:** Konsert i Valenheimen med Fylkesmusikarane i Nord-Rogaland.

### Søndag 1. sept.:

**Kl. 11.00** Friluftsgudsteneste ved Ryvarden kulturfyr.

### Laurdag 7. sept.:

**Kl. 20.00:** "Terje Vigen" – teaterframsyning ved Hordaland Teater i Sjøbua - Buavåg, Sveio.

### Søndag 8. sept.:

Buavåg/Hovda. Gullgruppa i Bua bygdelag skipar til familiedag i Buavåg kl. 12.00. Aktivitetar og utstillingar.

**Kl. 1100:** Tur til gravrøys på Kvitaneset - Sveio Turlag.

# Tysnes

SUNNHORDLAND

*Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka. Blankskura svaberg, fjell- og furuskog, skjergard, stupbratte fjellsider og område med fjelltoppar over 750 meter.*



*Årbakka. Foto: Thorbjørn Kaland.*

## Årbakka

Her ligg Årbakkavollen og Årbakka handelsstad. På vollen er eit to år gamalt gravområde med bautasteinar og restar etter gravrøyser. Den gamle handelsstaden vart bygd for hundre år sidan. Sjøbua er i dag utstillingslokale for Kunstlaget Njardarlog. I smia har Tysnes Kystlag sine utstillingar, og landhandelen står slik som han var i tidlegare tider. Mafis Urtehage ligg også på staden, og har meir enn 200 urter.

## Nedrevåge

Eit heilskapleg og intakt bygningsmiljø og kulturlandskap som fortel om livet til storbonden på Vestlandet på 1800-talet. Dei fleste bygningane står slik dei gjorde for 150 år sidan.



*Våge. Foto: Christer Aaro.*

**Nærare informasjon hos:**
Kulturkontoret, Tysnes kommune, tlf. 53 43 70 18
eller Årbakka Handelsstad, tlf. 53 43 51 41.

## PROGRAM:

**Laurdag 17. august:**
Revy: "Godt, gøy og gale", Nedrevåge.

**13.-14. september:**
Aktivitetshelg på Årbakka.
Fredag: Terje Vigen-kveld m.m.
Laurdag: Trivselsdag med ulike aktivitetar. M.a. smeden i aksjon.

**Juni - juli :**
Kunstlaget Njardarlog har ope galleri frå 23.06 til 28.07.

# Håkonarspela 2002

## av Johannes Heggland

**"Håkon Adalsteinfostre"**

Fredag 13. september: Skuleframsyning kl. 18.00.
Laurdag 14. september: Kveldsforestilling kl. 19.00 på Marinebasen i Haakonsvern
i samband med opninga av Kulturveka i Laksevåg.

**"Håkon Adalsteinfostre i Gula"**

blir framført 11. juni i samband med kongevitjinga i Sogn og Fjordane.

**"Tora Mostrastong og Kongen"**

Delar cv stykket blir framført i Moster Amfi søndag 8. sept. i samband med
avslutning av Kystsogevekene 2002 i Sunnhordland.

**"Håkonarvarde"**

På grunn av scenetilhøva blir delar av stykket framført i 2002
under «Mellomalderdagen» søndag 25. august.

**"Kongen med Gullhjelmen"**

Framsyning i Håkonarparken på Fitjar følgjande dagar:
Fredag 23. august: Skuleframsyning. Laurdag 24. august: Kveldsframsyning.
Søndag 25. august: Dagframsyning.

# Kulturorientering -triveleg tevling på sjø og land!

**Sunnhordland sommaren 2002**

I kvar av deltakarkommunane er det utplassert informasjonstavler ved kulturminne/kulturlandskap. Desse er innteikna på kart med namn og postnummer. Konkurransen går ut på å oppsøkja så mange postar som mogeleg i løpet av sommaren for å samla poeng.

Konkurransen blir avslutta med ein "finale" ved eit avslutningsarrangement i Moster Amfi 8. september. Premieutdelinga skjer på dette arranangementet.

**Vinn: Reisesjekk på kr. 20.000 – eller andre premiar!**

Påmelding/kjøp av startpakke:
Ved innbetaling av kr. 200,- til konto 36245190357, merk kulturorientering
Eller bestill på fax. Nr 53429298, evt. E-post rrandal@online.no
Eller direktekjøp nokre få stader i kvar kommune (opplsag i lokalpressa)
Nærare opplysingar: Kystsogevekene, Boks 243, 5445 Bremnes, tlf.: 53424664
Gi sommarferien meir mål og meining!

# Kanaldagar på Bømlo

fredag 6. - søndag 8. september 2002

Har du sett Røyksund i svartastidla med solsprett og skoddedottar. Har du sett idyllen i Kulleseid med kveldsol over Trøytarosen – då har du fått ein gløtt inn i Paradiset!

**Kulleseidkanalen**

Maritim Marknad:
Stor utstilling av ulike typar fritidsbåtar - Veteranbåttreff
Salsboder med alt tenkjeleg utstyr til båtar og båtliv - Kafé

**Historisk foredag om Kulleseidkanalen**

Kulturinnslag og underhaldning for store og små
"Gamle broderiskattar", utstilling v/Oddrun Marie E. Dyrdal

**Maleriutstilling**

Gudsteneste "på gamlemåten" søndag kl. 11.00

**Røyksundkanalen**

Mange aktivitetar for heile familien
Maritim loppemarknad, tivoli m.m.
Sjømatkveld med havets bord og dans
Søndag blir det servert familiebuffé

**Båtkonvoi**

Denne helga treffest båtfolk frå heile distriktet for å vrimla i kanalane på Bømlo.
Søndag vert det heile avslutta med båtkonvoi til Mosterhamn.
Konvoien startar frå Kulleseidkanalen kl. 13.00, frå Røyksundkanalen kl. 14.00 og kjem til Mosterhamn til avslutningsarrangementet i Moster Amfi kl. 15.00.
Der blir det eit variert kulturprogram med innslag frå alle Sunnhordlandskommunane.

## MIDTHORDLAND I BERGEN
## LAURDAG 14. OG SØNDAG 15. SEPTEMBER 2002

Laurdag 14.september er dei opne byromma også vår arena. Regionen Midthordland gir smakbitar av ein enorm kultur-skatt: toradargrupper – trekkspelgrupper – folkedanslag – musikklag – songkor – teatergrupper m.m.m.

Landbruksavdelingane i Hordaland og Sogn og Fjordane skal avslutte arrangement sitt "Bønder i by'dn - mattradisjonar" denne dagen. I samråd og samarbeid med kvarandre skal Bergen sentrum bli ekstra opplevingsrik og triveleg.

**Søndag 15. september stor festframsyning i GRIEGHALLEN kl. 18.00.**

Regionen - Midthordland - sprudlar av kultur,tradisjonar og kunstformer. Vi skal ære regionen med eit program som både femnar vidt og syner respekt for vårt lokale serpreg.

Alle aktørane er frå regionen - kjenner regionen - elskar regionen.

Frå programmet: storband – megakor – barnekor – riverdans – kvad – jenterock – og mange song- musikksjangrar. Detaljert program vert annonsert.

Utstilling i foajeen i Grieghallen med sterke lokale særpreg.

Arrangør: Stiftinga Kystsogevekene og kommunane Askøy, Øygarden, Fjell, Sund, Os, Osterøy, Bergen.

# Museum og utstillingar

## Askøy kommune:

Herdla museum, Herdla
Natur, kultur og krigshistorie
Tlf.: 56145150
Ope: Mai-aug.: mån-fre 10.00-15.00
1-16 sept. laurd-søn 12.00-16.00
Elles etter avtale

## Austevoll kommune:

Hufthamartunet, Storebø
Bygdetun
Tlf.: 56180300
Ope: Juni-sept.: søn. 16.00-19.00
Elles etter avtale

Storakalsøy museum, Brandasund

## Bergen kommune:

**Laksevåg bydel:**
Damsgård Hovedgård
1700-tal lystgardsanlegg
Tlf.: 55336630
Ope: 20/5-31/8: Alle dagar 11.00-17.00
Man. Stengt
Mai-sept.: Alle dagar etter avtale

Alvøen Hovedbygning.
Tlf.: 55325108
1700-tal herregardsliknande bygning,
i ein av dei eldste industristadene i Norge
Ope: Medio mai-medio sept.: søn. 12.00-17.00
Elles etter avtale.

**Fana/Stend:**
Hordamuseet, Stend
Tlf.: 55112900.
Ope: Tysdag-fredag + søndag
kl. 1200-1500. Måndag og laurdag stengt
elles etter avtale

## Bømlo kommune:

Moster kyrkjehistorisk senter,
Mosterhamn.
Tlf.: 53426620
Ope: 25/6-12/8: Kvar dag 1200-1700 29/4-30/9:
Søn. 1300-1700

Baadehuset, Espevær.
Ope: 23/6-11/8: Kvar dag kl. 11.30-12.30 og
14.30-16.30. Elles etter avtale. Tlf.: 53 42 79 41

Hummerparken, Espevær
Tlf.: 53424256
23/6-18/8:
Dagleg omvising kl. 1300, 1400 og 1500

Kulleseid Telegrafstasjon
Ope sommar:
Onsdagar og laurdagar kl. 1600-1900

## Fedje kommune:

Kræmmerholmen, Fedje
Gamal, restaurert handelsstad
Tlf.: 56164100

Hellisøy fyr, Fedje

## Fitjar kommune:

Årskog museum, Fitjar
Gamal bygning og bygdesamling
Ope: 20/6-20/8: Kvar søndag ettermiddag

## Fjell kommune:

Langøy Kystkultursenter, Langøy
Restaurert handelsstad
Tlf.: 56326510/56335160
Ope: Søndagar 12.00-18.00 om sommaren
Elles etter avtale

## Gulen kommune:

Gulen Fiskarbondemuseum, Byrknesøy
Tlf.: 57782391

## Lindås kommune:

Lyngheisentret på Lygra
Tlf.: 56356410
Ope: Juni-aug.: Alle dagar 1100-1930
Mai-sept.: Mån-fred 1100-1800
Søndag 1200-1800
Lindås Skulemuseum, Lindås
Tlf.: 56356500

Roparhaugsamlinga, Øvretveit
Tlf.: 56364225

## Masfjorden kommune:

Bjørn West museet, Matre
Krigshistorie
Tlf.: 56366300
Ope: Juli-aug.: Alle dagar 11.00-1600
April-sept.: lau. og sø. 13.00-16.00

Hommelfossen kraftveksmuseum, Matredal
Tlf.: 56366241

Trodalsamlinga, Trodalen
Gamalt, spesielt hus og tingsamling
Tlf.: 56366233.
Ope: Etter avtale

## MELAND KOMMUNE:

Holmestova, Holmeknappen
Tlf.: 56174000

## OS KOMMUNE:

Lysøen, Ole Bulls villa
Tlf.: 56309077
Ope: 18/5-31/8:
Kvardagar 1200-1600
Søndagar 100-1700
Sept.: Søndagar 1200-1600
Elles etter avtale

## OSTERØY KOMMUNE:

Osterøy Museum, Gjerstad
Bygdetun
Tlf.: 56 193440
Ope: Kvardagar 10.00-15.00
Juni-sept.: Også søn. 12.00-18.00

Havråtunet
Klyngetun
Tlf.: 56193440
Ope: Medio juni-medio aug.:
Tysd/Tors og søn 12.00-15.00
Elles etter avtale

## RADØY KOMMUNE:

Vest Norsk Utvandringssenter, Sletta
Tlf.: 56372000
Ope: 1/6-16/6: Laur/søn 12.00-17.00
22/6-11/8: Dagleg 12.00-17.00
18/8-1/9: Lau/søn: 12.00-17.00
Elles etter avtale

Bogatunet, Manger
Bygdetun

## STORD KOMMUNE:

Sunnhordland Folkemuseum, Leirvik
Tlf.: 53413899
Ope: Mån-tysd-tors-fre: 10.00-15.30
Ons og søn: 16.00-1900
Laurd: 10.00-13.00

## SUND KOMMUNE:

Nordsjøfartmuseet, Tælavåg
Nordsjøfarten under siste verdskrigen og tragedien i Tælavåg
Tlf.: 56327440.
Ope: Mai-sept.:
Mån-laur 11.00-16.00
Heile året: Søn 12.00-17.00
Elles etter avtale

## SVEIO KOMMUNE:

Fartein Valen museet, Valevåg
Heimen til komponisten
Tlf.: 52740100

Søndhordland Motormuseum,
Lunde gård, Valevåg
Tlf.: 53742116

Ryvarden kulturfyr, Ryvarden
Sommarutstillingar

## TYSNES KOMMUNE:

Årbakka handelsstad, Årbakka

## ØYGARDEN KOMMUNE:

Kystmuseet i Øygarden, Ovågen
Kystkulturen i Hordaland
Tlf.: 56385050
Ope:
9/4-24/9: Søn 12.00-17.00
2/5-30/8: Mån-fre 11.00-15.00
24/6-12/8: Laur 11.00-15.00
Elles etter avtale

# UTSTILLINGAR

**Hordamuseet, Stend**

**7. juni – 15. september**
Vestlandbåtane-arven frå vikingane.
Utstilling om tradisjonelle bruksbåtar frå Vestlandet

**5. september – 8. desember**
Drakt og klede frå Sotra.
Utstilling av tradisjonelle klede og draktutstyr frå fjell og Sund kommunar

Det geografiske området for Kystsogevekene er 20 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

**Gulen**
**Masfjorden**
**Fedje**
**Lindås**
**Radøy**
**Meland**
**Austrheim**
**Osterøy**
**Askøy**
**Bergen**
**Øygarden**
**Fjell**
**Sund**
**Os**
**Fitjar**
**Austevoll**
**Bømlo**
**Stord**
**Sveio**
**Tysnes**




**Leia:**
Leia langs Vestkysten ligg i dag som for tusen år sidan, ei hovudferdselsåre frå sør mot nord; den første riksvegen. Opp gjennom hundreåra har Leia vore livsnerven i kystsamfunnet: Vikingskip på utferd mot vest, kongens skip på veg mot kongsgardane, handelsskip og krigsskip, jakter og galeaser, jekter og færingar, fraktefartøy og fiskebåtar – her er mange aktørar og skiftande scener i fjordlandskapet:

*(Sitat frå Kulturhistorisk Vegbok – Hordaland)*

**For meir informasjon og avtaler kontakt:**

Stiftinga Kystsogevekene: Postboks 243, 5445 Bremnes,
Tlf.: 53 42 46 64 – Mail: rrandal@online.no eller: kystsoge@online.no